



Transformatorkiosken i Halsane blir nok ståande ei stund til....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Den gamle transformatorstasjonen av betong i Halsane som har vore i fokus i samband med dei straumbrota i Uskedalen i det siste må no kunne fjernast ettersom den faktisk er kobla ut. Det lova Kvinnherad Energi allereie for fleire år sidan. Trafoen er ikkje akkurat nokon pryd for strøket og for Uskedalen.

Dette seier fleire oppsittarar i Halsane til uskedalen.no,
Men slik er svaret som vi får frå Kvinnherad Energi:

- Trafoen kan diverre ikkje fjernast enno, for sjølv om sjølve trafofunksjonen i kiosken er kutta ut etter straumbrota må linjene framleis gå inn og ut av den.

Det har ein spesiell bakgrunn:

I samband med at gang- og sykkelbana vart opparbeidd gjennom Uskedalen var meininga at det skulle leggjast kabel – altså at leidningane skulle leggjast i jorda.

Det har tildels skjedd, men det er framleis problem med grunnspørsmål i området ved brua. Der står forhandlingane i stampe og så lenge dei gjer det kan vi ikkje etablere kabelsambandet heilt igjennom og så fjerna transformatorkiosken.

Så langt Kvinnherad Energi og der står saka.

Trøysta er at trafokiosken ikkje lenger er kjelde til straumbrot.

Av Ola Matti Mathisen